

Utfordringar knytt til sentrumsnært industriområde



Etne



Etne

Tongane industriområde, ca. 160 dekar, oppstart av etableringar på 1970-talet

Frå norgeskart.no



ETNE 2009



MCE mekaniske

Bustad 4 x

Voll

ASVO

Etne sentrum

Etne Betong

Etne bygdemølle

Åsb Sanddrift

NCC asfalt

Etne Sand & Pukk

2010: Kommunen gir delingsløyve for 4 bustadar, **vilkår om støyvoll bygd på søkjar sin eigedom.**

«NA-110/10 VEDTAK :samrøystes.


- *Komité Natur finn at omsøkt utbygging er i samsvar med gjeldande reguleringsføresegner for området, og gjev løyve til utbygging som omsøkt.*
- *Det er eit krav at det vert bygd ein støyvoll.*
- *Støyvollen skal byggjast på søkjar sin grunn, og byggjemeldast*
- *Utforminga av støyvollen skal skje i samråd med kommunen*
- *Støyvollen skal dekkast med jord*
- *Matjorda må i størst mogeleg grad samlast og takast vare på for seinare bruk.»*



Frå Google Street view

Etne

7. I område for industri kan det først opp bygningar for industriføremål med tilhørande utsalslokale, lager og kontor. Mønehøgð skal vurderast i byggesaka, men skal harmonere med mønehøgð i eksisterande industriområdet. Bygningar og anlegg skal vere mest mogleg stadstilpassa, men utforminga skal vurderast i kvart enkelt tilfelle. Støy frå industriområda skal ikkje vere høgare i bustadområda enn det statlege retningsliner til ei kvar tid fastsett. Verksemdar med utelukkande sentrumsfunksjonar skal ikkje vere tillete i dette området.



2010: Kommunen sel industritomt (X) på vilkår. Svak formulering om støv og støy i kjøpsavtalen (...støv og støy må ikke sjenerer omgivningen...). I tillegg endra bruken av tomta seg etter inngått avtale (MESTA, inkl. nattarbeid).

2015: Løyve til **rubhall**: Vilkår om støymåling: Støymålinga viste ikkje store avvik ift. regelverket (men har folk tiltro til analysane?).

7. Dersom tomta skal nyttast til foredling av sand- og grusressursar, er det eit krav at foredling og lagring av sand og grus skjer innomhus og på ein slik måte at støv og støy ikkje sjenerer omgivningen. Om nødvendig vert det kravd ein støyvoll mot nabo i aust- og i evt andre retningar – som det skal søkjast byggeløyve for.

KF- 063/15 Vedtak:

1. Med heimel Plan- og bygningslova § 20-1 vert det gitt løyve til oppføring av lagerhall for lagring av vegsalt på gnr. 32 bnr. 185 på Tongane i samsvar med søknad.
2. Innan 2 månadar etter anlegget er teke i bruk, skal det føretakast støymåling med tanke å finna ut om aktiviteten i samband med det byggjemelde gir høgare grenseverdiar enn kva som er fastsett for bustadane i området.

Mottak og knusing av returafalt krev løyve

Brev frå SF datert 25.10.22


Glis Eiendom AS eig tomta Tongane industriområde med gnr. 32 bnr. 185. I samband med informasjonsmøte om handtering av støyklagar knytt til aktivitet på Tongane, der mellom anna Åsbø Sanddrift AS var invitert, gjennomførte Statsforvaltaren ei synfaring på området.

På eigedomen til Glis Eiendom AS låg det haugar med returafalt og asfaltgranulat.

Lagring og knusing av asfalt er avfallsbehandling

Mottak og knusing av returafalt er behandling av avfall, og krev løyve etter § 29 i forureiningslova. Om denne aktiviteten skal halde fram, må de sende inn søknad om løyve etter forureiningslova for drift av avfallsanlegg. Fram til de eventuelt får eit løyve, kan de ikkje ta imot eller knuse returafalt.

Ber om tilbakemelding



Naboklage i 2016: Forsøk på lokal dialog mellom partane, framlegg om støyskjerm, kostnad kring 1 mill. kr. – ingen løysing om spleiselag. FM inn i saka:

FM (+ Norconsult): Møte med kommunen og partane i Etne 18.10.22:

Saka så langt

- Første klage i 2016 til kommunen; til Statsforvaltaren i 2018
- Kartlegging av aktivitet på Tongane juni 2019
- Varsel om kartlegging av samla støybelastning i oktober 2020
 - Svar koordinert av Fikse næringsforening
 - Tilbakemelding fra Etne kommune som bad om å avvente av fleire årsakar
- Nytt varsel juni 2022 til alle kjende aktørar på området
 - Elleve verksemder i varierende storleik
 - Renevo òg informert



Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato:
24.06.2022

Vår ref:
2018/2167

Dykkar dato:
[RefDato]

Dykkar ref:
[Ref]

[Mottakernavn]
[Adresse]
[Postnr] [Poststed]
[Kontakt]

Saksbehandlar, innvalstelefon
Mari Katrine Berg-Arnesen, 5557 2326

Varsel om pålegg om samordning av kartlegging av støy frå Tongane industriområde

Statsforvaltaren har fått klagar på støy og støv frå Tongane industriområde over fleire år, og fleire verksemder har gjennomført tiltak og eigne støy- og støvmålingar. Vi manglar likevel framleis opplysingar om omfanget av den samla støybelastninga frå industriområdet.

Vi varslar på nytt pålegg om undersøkingar med heimel i forureiningslova § 51. Frist for svar på varselet er 19. august 2022.

Oppsummering av saka så langt

Klage på støv og støy frå Tongane til kommunen august 2017

Statsforvaltaren (dåverande Fylkesmannen) vart kontakta i 2017 om klage på støv og støy frå Tongane industriområde. Klagen var sendt til Etne kommune i 2016, og kommunen kom med tilbakemelding januar 2018. I tilbakemeldinga gjekk det fram at kommunen ikkje var kjend med at nokon av verksemdene hadde registrert støy høgare enn nasjonale grenseverdier, og at dei difor ikkje hadde gitt pålegg om støydempende tiltak. Kommunen bad klagar ta kontakt med Statsforvaltaren om tilbakemeldinga ikkje var tilfredsstillande.

Kommunen trudde at staten har ansvaret, sidan det blir vist til statleg regleverk for støy i reguleringsplanen §. Og at reglar for støv gjeld tilsvarande. Men:

Etter 2010 gjeld ikkje pukkverkforskriften (inkl. knuseverk/asfaltverk m.v.). Dvs. kommunen har ansvaret overfor naboar etter 2010...



Bustader etablert før og etter 2010

- *"Støygrensene gjelder ikke for bebyggelse av forannevnte type som er etablert etter 1. januar 2010"*
- Fra forskrifter for regulering av forurensning fra knuseverk og asphaltverk

Kjende aktører på Tongane



Støv: Svakheitar med målinga i 2016? Avstand frå hovudstøykjelder til bustadar 150-250 m.

Svakheiter ved statlege retningsliner?: *Ikkje nedfall meir enn 5 g/m² over 30 dagar målt ved næraste nabo.*




Frå Google Street view

Støy/støyanalyse:

Framtidige bygg (X X) kan skjerme mot naboar. Planar om levegg og reetablering av voll mot nabo.

Transportfirma: Støykjelde/konflikt: **Spyling av køyretøy mm. i helger eller på kveldstid.** Nytt bygg X vil hjelpe.



Planlegging/røynsler:

* **Syt for god avstand** mellom industri og andre føremål, **ikkje berre basere seg på avbøtande tiltak etc.**

* Ta omsyn til lokale variasjonar i landskapsform, **vindretningar** mm.

* **Tenke langt fram.** Ta omsyn til aukande trafikk, store køyretøy, tilkomstveggar, kryssande trafikk gåande, skuleveg, tryggleik mm.

* Prøve å unngå kommunale planføresegner etc. som krev mykje oppfølging (?) **Krevjande regelverk.** Tunge saker ved konflikt.



Januar 2023: SF: «Pålegg om samordna støykartlegging på Tongane fell vekk...»



Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato:

13.01.2023

Vår ref:

2018/2167

Dykkar dato:

Dykkar ref:

ODDVAR FLATEBØ MASKINUTLEIE AS
Bergsvegen 6
5590 ETNE

Saksbehandlar, innvalstelefon

Mari Katrine Berg-Arnesen, 5557 2326

Større endringar på Tongane gjer at grunnlag for pålegg fell vekk. Vi vil ikkje vedta pålegg om støykartlegging.

Vi viser til varsel om pålegg om samordning av kartlegging av støy frå Tongane industriområde datert 24. juni 2022, møte i Etne 18. oktober 2022 og e-post frå Fikse Næringsforening 16. november 2022.

Endring i aktivitet på området

I e-posten frå Fikse Næringsforening vart vi informert om følgende større endringar:

- NCC Industry AS avd asfalt Etne skal avvikle drifta i Etne frå 1. januar 2023
- tomte til Åsbø Sanddrift er solgt til Renevo, biogassprodusent, og Åsbø skal flytte verksemda vekk frå Tongane
- Mesta AS har ikkje lenger saltlager på Tongane


Støyutgreiing av industristøy

► To hovudmåtar:

1. **Reknemodell.** Inngangsdata: Digitalkart i 3D (terreng, bygg, osv.) og støykjeldeegenskapar. Kan finna einskildverksemder sin del av samla støy ved å slå av og på kjeldene i modellen.
2. **Lydmålingar.** Viktig å måla under *representative* tilhøve (drift, vær, osv.). Korttids manuelle og/eller langtids automatiske målingar. Oftast dyrare enn modellering. Problem: Bakgrunnstøy/støy frå nærliggjande verksemder, ikkje lett å finna einskildverksemder sin del.
3. (Hybrid). Modell + måling = best. Betrar kunnskapsgrunnlaget og kan gje sikrere konklusjonar, m.a. ved at modellen kan «kalibrerast» betre mot lydmålingar.

**Generelt råd:
Innhent hjelp frå fagfolk!**

Støysjenanse



Slagstøy / impulsiv støy og støy med tydelege tonar

- Har større plagepotensiale enn jamn støy
- Kjem frå maskiner, slag, metall mot metall, containerhandtering, pigging, osv.
- **Kan få eit straffetillegg på 5 dB.**
- Har formelle krav til eigenskapar for å kunne reknast som impulsiv støy, men slagstøy kan vera plagsam utan at dei formelle krava er oppfylte.
- **Krav gjeld ved nabo/mottakar, ikkje ved kjelda.** Slag vert mindre «kvasse» over avstand.
- Tydelege tonar har òg større plagepotensiale enn jamn støy. Døme: Uheldig utforma vifter, motordrifter, osv.

Sanduttak = rike førekomstar av sandsvale i Etne! 😊

Takk for meg!



Etne